

Referat frå styremøte i Valldal idrettslag

Tid: Onsdag 01. februar 2017

Stad: Klubbhuset

Desse møtte: Torkjell Døving, Anders Rem, Trond Håvoll (gjekk kl. 21.30), Einar Hoel, Ida Kristoffersen Rem, Magne Eivind Glomnes, Liv Marit Indreeide, Jan Ole Fuglem (kom ca kl 21.00)

Sak 01/17 Informasjon frå gruppene

Trimgruppa: Nyttårsmarsj, litt därleg oppslutning, 16 barn og 19 vaksne. Mulig dame og herretrim, torsdagar aktuelt. Skal ha møte neste veke, avklaring.

Friidrett: Liten aktivitet for tida. Egentrenering.

Fotballgruppa: Styremøte mandag denne veka. 12 lag i år, 125 påmeldt. 4 u-lag (13 år og oppover). Bra oppslutning. Trenerkoordinator: Marius Moe. Oppgåve å samle trenerane/møte, kurs, utdanning. Nemnd: Programblad, skal sjå på alternativ, slik som no eller gjere det annleis. Kutta ut loddosal, heller skape inntekter gjennom aktivitetar. Litt opp med treningsavgifta. Vurderer å arrangere Tine-cup. Søknadsfris i mars, men dersom søker/viser interesse i februar, kan få Nike pakke til alle. Gode inntekter. Kickoff i påska, som i fjor. Grendaturnering i romjula. Bingo i påska. Politiattest!

Skigruppa:

Styret: Det er sendt fornya søknad om spelemedilar til kunstgrasbana, total kostnad justert til om lag kr 4,3 mill. Må også få sendt søknad om mva kompensasjon som gjeld kunstgrasbana, utgjer om lag kr 730.000. Frist 1.3.17.

Sendt søknad om spelemedilar til omlegging av lysløypa, søknadsum kr 115.000, i tillegg søkt om kommunalt tilskot kr 100.000. Også søkt om tilskot til skileikanlegg, søknadsum kr 35.000.

Det er laga til for å få til inngang på loft på trakkemaskingarasje. Dette må gjerast når snøen er borte.

Sak 02/17 Årsmøte 2017

Fellesannonse i Storfjordnytt neste veke + heimesida, 1 mnd før årsmøtet

Møteplan:

Trimgruppe måndag 27. februar

Friidrett tysdag 28. februar

Skigruppa onsdag 1. mars

Fotballgruppa torsdag 2. mars

Årsmøte Valldal IL 15. mars

Innstilling frå gruppene klar til årsmøtet, val på årsmøtet.

Valnemnd: Arbeide med å finne eit tredje medlem til valnemnda har ikkje ført fram.
Både Hegelin Waldal , Linda Myren, Viktor Valdal og Harald Vestre har takka nei til å stille i valnemnda.

Nytt forslag:

Dag Snorre Grønningsæter – Jan Ole Fuglem spør

Per Magnus Berdal – Anders spør

Ellisiv Jarvik – Einar spør

Kåre Erstad ikkje på val

Dagrun Agnes Vikesland ikkje på val

Sak 03/17 Marknad

Martin Linge-huset **9. april 2017**

Komitè: Styret - Anders Rem (leiar)

Trim/friidrett – Andreas Håvoll forslag

Skigruppa – Geir Arne Myren forslag

Fotballgruppa – Liv Marit Indreeide

Anders Rem må få tilbakemelding så raskt som råd! Kallar då inn til møte.

Sak 04/17 Sommararrangement

Forslag til komité:

Program: Anders og Torgeir

Sport: Magne Eivind Glomnes

Mat/servering: Monika H. Lingaas

Stemneområde/ «logistikk»: Kjell Vad

Økonomi: Kåre Erstad/Einar Hoel

Arbeidslisteansvarleg: Terese Jemtegård Møen

Leiar/koordinator: Einar Hoel

Økonomisk ramme programkomité ca kr 40.000

Sak 05/17 Open hall Martin Linge-huset

Greitt å vere medlem i eitt idrettslag i kommunen, for utanbygds ungdommar velje om å vere medlem i Valldal IL eller betale eingonsavgift på kr 350 heile året. Føre oppmøteprotokoll.

Forespørsl fra Aud Lindis om tilbodet kan utvidast til også å gjelde for u-skule elevar. Foreløpig set vi grensa på 16 år. Andre organiserte tilbod i regi av idrettslaget på fritida.

- Evt.** Organisering lager idrettshall. Bygge to låsbare lager – eitt som skulen disponerer og eitt som taekwondo og idrettslaget disponerer. Bli einig med skulen, som er den andre store brukargruppa, om kva slags utstyr som skal vere felles. Merke alt utstyr – både idrettslaget og skulen. Låse inn det som skal «vernast». Lager til idrettslag/taekwondo skal låsast med hengelås med same cylinder som på klubhuset. Kan bruke same nøkkelen. Anders Rem ordnar eitt slik hengelås.

Møtet slutt kl. 22.40

Liv Marit Indreeide

-referent

